

Frist: 1. desember 2016

Sendes til: postmottak@krd.dep.no

Sluttrapport BOLYST - Tilsagnsnummer: 13242039

Til: KMD

Fra: Innovangsjon SA

Dato: 7.12.16

Kommune:	Vang i Valdres
Prosjektnavn:	Integrerende arbeidsliv
Prosjektleder:	Marte Tangen, Vang frivilligsentral
Prosjektleder/Leder i styringsgruppen:	Caroline Fleten/Torstein Lerhol, Innovangsjon
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Dag Arne Henriksen
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	<p>a) Styringsgruppe x</p> <p>b) Forankring i befolkninga x</p> <p>c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt x</p> <p>Styrings-/prosjektgruppa har bestått av Vang frivilligsentral, Innovangsjon SA, NAV Valdres og Introduksjonssenteret i Vang.</p>
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	<p>Målsettinga for prosjektet var at flyktninger som blir busett i Vang blir integrert i det sosiale miljøet, får ein lønna jobb og ønskjer å bli i kommunen, gjennom følgjande delmål:</p> <p>1) Tilby ein frivillig bulystven til kvar busett flyktning over 16 år.</p> <p>2) Tilby karrierevegleiing, fagspesifikk norskopplæring og tilsetting hos ein lokal bedrift i samsvar med flyktningen sine egne interesser og kompetanse.</p> <p>Prosjektet har hatt fem deltakarar. Vi har gjennomført tiltaka i delmåla og hatt mange gode resultat med dette – sjølv om sluttresultatet statistisk er ikkje så bra som ønska. To av dei fem har flytta, to er i løna arbeid (og godt motivert for å bli buande i Vang) og den siste har trekt seg frå prosjektet.</p> <p>Kva har fungert og kva er utfordringane?</p> <p>Introduksjonsprogram, karrierevegleiing og jobbsøkarkurs ga oss eit godt grunnlag for å finne egna praksisplass og gjere deltakarane betre rusta for arbeidslivet. Bulystvenene og dei sosiale tiltaka knytt til dette, har vore særst positivt med tanke på språkutvikling og sosialt nettverk. Alle har blitt meir integrert i kommunen og ytra ønskje om å bli buande, noko som har vore ei stor forbetring for enkelte. Då to likevel har flytta, heng dette saman med manglande arbeid for ektefelle, manglande motivasjon for praksis og/eller låg arbeidsevne.</p> <p>Manglande arbeid har ikkje uventa vore den største utfordringa. Valdres har ein</p>

arbeidsmarknad med få arbeidsplassar som ikkje krev fagkompetanse. Meir uventa var det kanskje at lovnad om midlar til lønstilskot/fadder i bedrift eller liknande ikkje hadde nokon effekt på bedrifter med tanke på tilsetning. Vi heldt informasjonsmøte og dreiv mykje oppsøkkande verksemt for å få i gong dette tiltaket, men økonomisk støtte var ikkje ein avgjerande faktor for bedriftene. Det som betydde noko for dei var om dei hadde behov for arbeidskraft, og at deltakarane i prosjektet kunne gjere ein innsats av betydning for bedrifta. I dei tilfella der tilsetning eller praksisplass var aktuelt var det ikkje behov for økonomisk støtte. Den største budsjettposten var tenkt til nettopp dette. Vi gjorde i samråd med departementet omdisponeringar som vi fant fornuftige, men sit likevel igjen utan å ha brukt opp budsjetterte midlar.

Vi erfarte også at det for enkelte av deltakarane har tatt mykje lengre tid enn venta å bli klar for arbeidsmarknaden, både med tanke på språk og å forstå kva som krevjast i norsk arbeidsliv.

Prosjektgruppa (NAV, Introduksjonssenter, Innovangsjon, Frivilligsentral)

Prosjektet har endra seg mykje undervegs, grunna dei nemnte utfordringane. Dette har skapt ein viss usikkerheit i prosjektgruppa knytt til utviklinga i prosjektet. Vi gjorde også ein 'feil' i oppstarten ved å ikkje prosjektere inn tilstrekkeleg prosjektleiing. Vi prosjekterte leiing som eigeninnsats frå samarbeidspartnarane, men burde hatt ein løna prosjektleiar i ein viss stillingsprosent for å få tilstrekkeleg oppfølging og framdrift. Vi løyste dette undervegs med løna coach i 20% ein periode, men dette var ikkje nok for å ha tilstrekkeleg kontinuitet.

Kontinuiteten har også vore svekka av at fleire av samarbeidspartnarane i prosjektgruppa har hatt utskiftingar i prosjektgruppa i perioden. Grunna sjukdom, intern endring av arbeidsfordeling osv. er dette sjølvst naturleg og vanskeleg å unngå, men det har ført til at vi har måtta 'starte på nytt' ved fleire høve. Ein prosjektleiar med dedikert stillingsprosent ville kanskje gjort oss mindre sårbare for desse svingingane.

Endringane undervegs har også skapt utfordringar knytt til NAV sin rolle i prosjektet. Store delar av prosjektet kryssar/er avhengig av deira ansvar og tiltak, og det var difor ein føresetnad at dei var med og at vi hadde tett dialog. Tidvis har dette fungert, men tidvis har dei sjølv stilt spørsmålsteikn ved sin eigen rolle i prosjektet, eller resten av prosjektgruppa har hatt større forventningar til kva dei kan bidra med. Dette heng også saman med at vi opplever at dei ordinære tiltaka som NAV har i si portefølje er begrensa/ikkje godt nok tilpassa for flyktingar. Dette har også tidlegare vore avdekket i FAFO-rapporten «Når aktivering blir ydmykelse» (Friberg og Elgvin, 2014):

<http://www.faf.no/images/pub/2014/20390.pdf>

Deira forskning fokuserer på somaliarar i møte med NAV-systemet, men fleire av funna passar også på deltakarane i vårt prosjekt. Håpet var at tett oppfølging gjennom prosjektet skulle gjere det mogeleg å få deltakarane raskare ut i arbeidslivet, men vi opplever at NAV må halde seg innanfor rammer som gjer det vanskeleg å tilpasse tiltaka til den enkelte brukar sine behov. Desse utfordringane kunne/burde vi avdekka/unngått med ein tydelegare prosjektplan i startfasen.

Det er resten av prosjektgruppa sitt inntrykk at i tillegg til begrensa tiltaksportefølje har sakshandsamarane i NAV for stor arbeidsmengde/for lite tid til å følgje opp kvar enkelt jobbsøkar. Som eksempel kan nevast ei arbeidsevnevurdering på ein av våre deltakarar som vart bestilt, men aldri gjennomført. Tanken bak prosjektet var å få fortgang i prosessen målgruppa går igjennom frå introduksjonsprogram til løna arbeid, men ved fleire høve har NAV-systemet ikkje hatt kapasitet til å handsame utviklinga så raskt som vi ønskte.

	<p>Vi ser også ei utfordring i dagens introduksjonsprogram. Dette er ein aktuell debatt som er viktig for å lukkast med den framtidige integreringsjobben. Vi vil trekke fram to forslag basert på våre erfaringar;</p> <ul style="list-style-type: none"> - Meir fokus på yrkesretta program frå fyrste dag - Forlenge programmet så ein ikkje slepp elevane før dei er på B1 nivå. <p>I dagens ordning går elevane som oftast ut på A2 nivå, då er dei for dårlege i norsk til at arbeidsgjevarane vil tilsette dei. I kombinasjon med at NAV ikkje har tilstrekkeleg med tiltak med god nok effekt for brukarar med dårlege norskkferdigheiter, gjev det dårlege utsikter til jobb for denne målgruppa.</p> <p>Ei anna utfordring har vore å inkludere heile familiar i prosjektet. Erfaringa vår viser at om ein jobbar dedikert med ein deltakar hjelper det lite dersom ektefelle ikkje blir integrert på same måte.</p>
<p>Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?</p>	<p>Målgruppa var fem spesifikke deltakarar, vi har hatt tett oppfølging med desse.</p>
<p>Resultat oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak</p>	<p>Bulystvenene sin kontakt med deltakarane har bidrege til auka nettverk og tryggleik i møte med både arbeidsmarknaden og ulike sosiale settingar.</p> <p>Skidag og filminnspeling har styrka gruppetilhøyre og sosial kompetanse.</p> <p>Kurs med JobbX har gjort deltakarane i betre stand til å søke jobbar, og førebudd dei på arbeidsmarknadens realitetar.</p> <p>Oppfølging frå prosjektgruppa har gitt dei auka sjølvverd og ein større grad av sjølvstende.</p> <p>Tilbod om øvingskøyring gjennom prosjektet har resultert i at ein har tatt sertifikat og fleire er nærmare dette målet.</p> <p>Coaching av bulystvenene vart positivt, men av praktiske årsakar fekk vi ikkje følgt opp med meir enn to møter med coach.</p> <p>Ein-til-ein undervisning/tett oppfølging av enkelte deltakarar har gitt tydeleg positiv verknad på språkferdigheter og sosial kompetanse.</p>
<p>Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Følgjer opprinnelig plan b) Forsinket pga.: Fleire av elementa vart utsett eller forlenga grunna utviklinga i introduksjonsprogrammet og/eller praksissituasjonen for deltakarane i prosjektperioda c) Det er foretatt følgende justering
<p>Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Helt lokal effekt b) Effekten kommer innen flere kommune i regionen. <input checked="" type="checkbox"/> c) Effekten kommer i hele fylket d) Effekten kommer i eget og andre fylker e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge f) Vet ikke/ikke relevant
<p>Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet</p>	<p>Systematisk oppfølging av bedrifter, bulystvener og prosjektdeltakarar gjennom fordeling</p>

(max 250 ord)	<p>av ansvar i prosjektgruppa i jamlege møter. Alle i prosjektgruppa har delteke med sin kompetanse;</p> <ul style="list-style-type: none"> • Frivilligsentral med bulystvener og kontakt med det frivillige livet i kommunen. • NAV med oppfølging av deltakarar i praksis, samt andre tiltak i sin portefølje. • Flyktingteneste med kjennskap til deltakarane og kartegging gjennom introduksjonsprogram. • Innovangsjon med sin kontakt til arbeidsmarknaden og kompetanse på nyetablering.
<p>Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn</p>	<p>Vi har arbeidd aktivt for å spreie dei erfaringane vi har fått i prosjektet. Vi har fått taletid på fleire konferansar og laga ein 4 minutt lang film som har blitt sett av mange som jobbar med liknande tematikk rundt om i landet. Filmen kan du sjå på http://vangivaldres.no/aktuelt/nyheitsarkiv/bulystfilm/</p> <p>Regjeringa har også laga sak om prosjektet i sitt nyhendebrev ‘regionalnytt 4 2015’: https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regionalnytt-4-2015/id2425024/#ein_ven</p> <p>Vi har gode erfaringar med bulystven – kontakten med enkeltpersonar i lokalsamfunnet er av stor betydning for integrering. Fleire av deltakarane erfarer at om du kjenner éin så blir du lettare kjent med fleire. Dette aukar språk- og kulturforståinga og gir eit større nettverk både sosialt og med tanke på arbeidsmarknaden. Vi veit at om lag 70 % av stillingane i Valdres som er ledige ikkje blir lyst ut, dermed er nettverksbygging enormt viktig for alle, og spesielt framandspråklege.</p>
<p>Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlingar på utgangspunkt i prosjektet</p>	<p>‘Fagsamling for bolystprosjekt med innvandring og inkludering som tema’ i regi av Distriktssenteret og KMD på Frøya, oktober 2014. (Filmen om prosjektet vart vist)</p> <p>IMDi sin integreringskonferanse på Gjøvik, november 2014 (Filmen om prosjektet vart vist)</p> <p>‘Slik lykkes vi med sysselsetting av innvandrere’ i regi av Jobbaktiv, Gardermoen november 2014.</p> <p>‘Inspirasjonsdag om flerkulturelle prosjekter i bibliotek’ i regi og Oppland fylkesbibliotek, Lillehammer, januar 2015.</p> <p>‘Hvordan lykkes med bosetting i norske kommuner?’ i regi av KS Agenda, Oslo, februar 2015.</p> <p>‘Valdreskonferansen’ i regi av Valdres natur- og kulturpark, Fagernes, april 2015.</p> <p>‘Regionkonferanse for frivilligsentraler, region 1’ september 2015. (Prosjektlear heldt foredrag om prosjektet.)</p>

Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)	Budsjett	
	<u>Utgifter:</u>	
	Materiell	1 000
	Opplæringskurs for bulystvener	15 000
	Infomøte for aktuelle bedrifter	4 000
	Støtte til bedrifter som tilsett flyktningar	525 000
	Revisjon og rekneskap	25 000
	Administrasjon/prosjektleiing, 500t a 400,-	200 000
	Frivillig innsats, bulystvener, 200t a 400,-	80 000
	Sum	850 000
	<u>Inntekter:</u>	
	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	420 000
	Vang kommune	150 000
	Eigeninnsats (administrasjon + frivillige)	280 000
	Sum	850 000
	Rekneskap	
	<u>Utgifter:</u>	
	Øvelseskjøringsbil (ink. drift, vedlikehold)	35 594
	Materiell	4 429
	Tilskudd til deltagers utstyrsinnkjøp til ENK	4 550
	Kontingent, fradragsberettiget	3 060
	Møter/kurs/foredrag/oppdatering	63 548
	Annonser	2 560
	Informasjonsfilm Bolystprosjektet	87 500
	Div. (gebyr, porto)	1 634
	Reisekostnader	3 128
	Lønn, prosjektleiing/oppfølging	126 109
	Revisjon og rekneskap	21 381
	Administrasjon, eigeninnsats: 800t a 400,-	320 000
	Frivillig innsats: 300 t a 400,-	120 000
	Sum	793 493
	<u>Inntekter:</u>	
	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	161 000
	Vang kommune	150 000
	Eigeninnsats (administrasjon + frivillige)	440 000
	Sum	751 000
	Vi har omdisponert mykje av midlane etterkvart som prosjektet utvikla seg i ei anna retning enn vi forutsåg. Sidan tilbodet om støtte til bedrifter som tilsett flyktningar som nemnt ikkje appellerte til næringslivet har vi ikkje brukt opp budsjetterte midlar.	
	Som ein kan sjå frå rekneskapan vart det brukt 56 507 kroner mindre enn budsjettert, der eigeninnsatsen vart noko meir omfattande enn budsjettert med eit overforbruk på 160 000 kroner. Kostnader dekt gjennom tilskot hadde eit underforbruk på 216 507 kroner og enda på 353 493 kroner totalt. Det er til no motteken 311 000 kroner i tilskot, fordelt på 161 000 kroner får KMD og 150 000 kroner frå Vang kommune. KMD sin del av kostnadene utover eigeninnsatsen utgjør 260 489 kroner og vi ber difor om utbetaling av rest på 99 489 kroner. Vang kommune sin del utgjør 93 004 kroner og dei vil difor få tilbakebetalt 56 996 kroner av utbetalt tilskot.	

<p>Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser b) Økt innovasjon eller innovasjonsevne x c) Økt kompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen x d) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) e) Styrke regionale sentra f) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? g) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål?
<p>Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)</p>	<p>Vi tar erfaringane med oss i arbeidet med nye busette flyktningar, og vidareføre ordninga med bulystvener og øvingskøyning også for desse. Dette er vi allereie i gang med for flyktningar busett i 2014, 2015 og 2016. Erfaringane kan enkelt overførast til andre lokalsamfunn og mange har latt seg inspirere allereie, særleg det med bulystvener (hos andre også kalla aktivitesvener/flyktningeguide/faddere). Vi blir ofte spurt om å dele erfaringar frå integreringsarbeid i Vang, delvis grunna dette prosjektet. I enkelte kommunar i vår region har det vorte tilsett integreringskonsulent, som har latt seg inspirere av delar av våre metodar.</p> <p>Samarbeidet vi har etablert mellom introduksjonssenter, frivilligsentral, Innovangsjon og NAV har vist seg konstruktivt og dette vil vi ta med oss vidare. Det inspirerer også andre kommunar som har bede om erfaringsutveksling om dette. Vi vil halde fram arbeidet med å gjere overgangen frå introduksjonsprogram til NAV betre, med fokus på hyppigare og tidlegare kommunikasjon medan flyktningane er i introduksjonsprogram. Kontakten mellom frivilligsentralen, Innovangsjon og introduksjonssenteret er også vesentleg for å støtte flyktningane i møte med både arbeidsliv og sosialt liv.</p> <p>Eit konkret prosjekt som er ei vidareføring av erfaringane våre er oppretting av 'VangsRiva jobbservice', organisert under introduksjonssenteret. Der skal det kunne bli etablering av nye enkeltpersonsforetak eller vera arbeidsformidling av småoppdrag mellom busette flyktningar og lokalsamfunn. I 'VangsRiva' kan òg busette flyktningar få arbeidstrening etter og undervegs i introduksjonsprogrammet, før dei kjem over i vidare kvalifisering i NAV.</p>